

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Carlos Nilsen Gjil	K1-122	24/1342

Saksnr	Utval	Type	Dato
087/24	Kommunestyret	PS	18.12.2024
053/24	Levekårsutvalet	PS	19.11.2024
031/24	Ungdomsrådet	PS	18.11.2024
062/24	Formannskapet	PS	28.11.2024

Prosjektmandat for Barnehage- og skulebruksplan

Kommunedirektøren sitt forslag til prosjektmandat for utgriing i forhold til komande barnehage- og skulebruksplan vert teken til vitande.

Sand, 19.12.2024

I denne saksutgreiinga har ein sett til andre kommunar sitt arbeid med liknande planarbeid og mandat.

Samandrag

Barnehage- og skulebruksplanen skal vere eit av fleire kunnskapsgrunnlag og bidra til å avklare korleis barnehage- og skulestrukturen i Suldal skal vere organisert i framtida.

Utgreiinga skal gi ei vurdering av kva organisering barn, unge, tilsette, føresette og kommunen som organisasjon vil vere best tent med framover. Desse vurderingane må bli sett i lys av faktorar som kvalitet, kapasitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.

For å sikra framdrift og gode prosessar i saka vil kommunedirektøren opprette ei prosjektgruppe og ei referansegruppe med ei brei samansetning og fagleg tyngde. Prosjektgruppa vil også nytte ekstern kompetanse som skal kartleggja styrkjer og utfordringar på dei faktorane som er nemnde i innleiinga knytt opp mot dagens organisering.

Fakta

Vedtak i sak 154/23 i kommunestyret den 18. desember 2023 og vedtak frå kommunestyret i sak 037/24 den 19. juni 2024 ligg til grunn for mandatet:

Vedtak - framtidas oppvekst K -154/23 (18.12.2023)

1. *Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.*
2. *Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 med prøvetid fram til hausten 2026. Kommunedirektøren skal undersøkes og vurdera skysstilbudet, før eit eventuelt vedtak av varig flytting av ungdomstrinnet.*
3. *Suldal kommune skal frå og med 2027 ikkje ha udelte skular.*
4. *Alle skular i Suldal skal frå og med 2026 ha minst 60% pedagogdekning.*
5. *Dersom enkelte skular over tid ikkje når måla med tanke på elevtal og kvalifisert arbeidskraft (jmfr punkt 3 og 4), skal kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.*
6. *Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.*
7. *Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.*

Kommunedirektøren legg fram ein barnehage og skulebruksplan innan 2026 om ny barnehage og skulestruktur, kor ny ungdomsskule på Sand og oppvekstsenter på Kjølvikstølen vart éin del av planen.

Vedtak K – 037/24 (19.06.2024)

Nytt pkt 3.

Ny barnehage og skulebruksplan vert framskunda til 2025. I planen skal ein sjå på nye skular. Dette gjeld for mellom anna Marvik, kor oppvekstsenter vert ei av løysingane som vert vurdert. Ny ungdomsskule på Sand skal og vera ein del av planen.

Nytt punkt 4:

Nesflaten barnehage blir ei avdeling under Vinjar barnehage frå 1. aug 2024. Avdelinga skal vera fysisk lokalisert på Nesflaten. Kommunedirektøren skal arbeida kontinuerleg med rekruttering av tilsette til barnehagen på Nesflaten. Rekrutteringsarbeidet skal starta 20.06.24. Avdelinga på Nesflaten skal opnast for drift så snart dette er på plass, og så snart som mogleg. Kommunedirektøren skal strekkja seg langt for å finna løysingar. Nytt opptak 01.09.2024.

Eksterne aktørar

Det blir lyst ut anbod på innhenting av stoda på drifta og einingane knytt til:

- Kvalitet
- Bemanning
- Pedagogisk drift
- Kompetanse
- Læringsmiljø
- Utvikling
- Ressursutnytting
- Barns beste vurdering
- Risikoanalyse av faktorane som er definert under
- Kommunestyret sitt vedtak 154/23 med tillegg frå kommunestyret 037/24

Kommunedirektøren legg til grunn følgjande definisjon av faktorar i det vidare arbeidet etter kommunestyret si bestilling og eksterne aktørar skal bruka dette som føringar i sitt arbeid:

Evne (kapasitet og kompetanse) til å tilby og oppretthalde eit miljø og gi eit tilbod som fremjar alle barn og unge sin trivsel, læring og utvikling. I dette ligg også kapasitet og kompetanse til å hjelpe alle barn/unge med det dei treng, når dei treng det. (Tidleg innsats.)
- I ein slik definisjon ligg det at ein skal vurdere kva som er det beste for barnet. Barn/unge si stemme, føresette si stemme, og ei vurdering basert på eit fagleg kunnskapsgrunnlag skal vegast og vurderast opp mot kvarandre.
- I ei slik barns- beste-vurdering ligg det også at ein må sjå barnehagar, skular og SFO som ein viktig del av barn sitt nærmiljø, og kva effekt ei endring av organisering kan ha for kvaliteten på nærmiljøet til dei barna som har barnehagar og skular i sitt buområde.
- Ein må naturleg sjå dei ulike faktorane saman, når ein skal vurdere kvalitet. Blant anna har fysiske omgjevnadar og kompetanse betydning for kvalitet.

Ressursutnytting:

- Tal barn barnehagane og skulane har plass til, og som gir eit fysisk trygt og forsvarleg. pedagogisk tilbod i kvar avdeling/gruppe/klasse. Nå og i framtida.
- Rett og nok kompetanse til alle barn og unge, i alle einingar.
- Korleis ein bruker personalet sin kompetanse og erfaring på ein god måte. I dette ligg det også å vurdere kva yrkesgruppe som kan og bør gjere kva.
- Lærarsamarbeid og tverrfagleg samarbeid gjennom samhandlingsmodellen, betre tverrfagleg innsats.
- Pedagogisk kapasitet til å kunne møte alle barn og unge sine ulike behov og interesser.

- Leiarkapasitet og - kompetanse til drift og utvikling i alle einingar.

- Pedagogisk materiell og utstyr.

Kompetanse:

Sikre at ein beheld, og at ein rekrutterer rett kompetanse:

- Tilsette med individuell kompetanse som innfrir nasjonale lovkrav til pedagogar og lærarar.

- Tilsette med spesialpedagogisk kompetanse.

- Leiarkompetanse.

- Tverrfagleg kompetanse i laget rundt barnet (BTI).

- Kompetanse hjå tilsette i SFO

- Robuste og profesjonelle læringsfellesskap for tilsette i barnehage, skule og SFO.

- Tilsette med kompetanse innan digitalisering.

Læringsmiljø:

- Læringsmiljøet skal vere helsefremjande, trygt og godt for alle. For barna i skulen inneber også dette skulevegen.

- I eit trygt læringsmiljø føler alle seg fysisk og psykisk trygge. Eit helsefremjande fysisk miljø, og eit helsefremjande psykososialt miljø.

- Universell utforming av bygg og anlegg som inkluderer alle, ute og inne.

- Bygg og anlegg er designa for mangfald, lagt til rette for praktisk og variert læring som passar alle.

- Det er viktig å skapa fleire inngangar til kunnskapen for elevane for å kunna sikra at alle elevar skal ha tilgang til fellesskapet.

- Eit godt læringsmiljø gir barn og tilsette positive kjensler, engasjement for aktivitet/oppgåver, gode relasjonar, motivasjon, meistring og måloppnåing.

Utvikling:

- Barnehagane, skulane og SFO blir drive i tråd med lovkrav i lov om barnehagar og lov om grunnskulen.

- Satsing og fokus på kvaliteten i det pedagogiske arbeidet i barnehagar, skular og SFO.

Desse definisjonane av dei ulike faktorane vil liggja til grunn for å skildra og vurdera ulike alternativ for organisering av oppvekstsektoren.

Ein del av arbeidet inneber også å hente inn og synleggjere erfaringar frå andre kommunar. I tillegg vil kommunedirektøren utgreia økonomiske og administrative konsekvensar for alle alternativ.

Tilsette:

- Profesjonsfellesskap

- Fysiske arbeidsplassar etter lovkrav som gir gode forhold for å gjere jobben sin på arbeidsplassen, både individuelt og saman med kollegaer.

Prosjektorganisering og medverknad

Kommunedirektøren vil utføre utgreiinga som eit prosjekt med ei prosjektgruppe med fagleg tyngde. Prosjektgruppa vil bestå av aktørar frå ulike deler av organisasjonen. I tillegg vil kommunedirektøren invitera aktørar inn i ei referansegruppe. I referansegruppa vil det vere aktuelt å invitere inn aktørar som ikkje er ein del av den administrative styringslinja.

Kommunedirektøren er prosjekteigar og set ned gruppene, som begge skal sikre høg grad av involvering, kompetanse og medverknad. Begge gruppene skal ha personlege vara.

Prosjektgruppe:

Prosjektleiar: Kommunalsjef oppvekst

Medlem: Rådgjevar oppvekst (er også sekretær)

Medlem: Ein barnehagestyrar

Medlem: Ein barneskulerektor

Medlem: HTV Utdanningsforbundet

Medlem: HTV Fag forbundet

Medlem: Ein SFO- leiar

Medlem: Ein frå Indre Ryfylke PPT

Medlem: Ein frå byggeteknisk

Medlem: Ein helsejukepleiar

Medlem: Leiar i kommunalt foreldreutval

Referansegruppe:

Kommunalt foreldreutval for barnehage og skule – 10 medlemmer (KFAU skule + representantar frå barnehage og oppvekstsenter)

Plassstillsatt frå alle barnehagane, oppvekstsenteret og alle skulane – 10 medlemmer

Representant frå tilsette i skulen (oppvekstsenter) – 3 medlemmer (Sand, Vinjar og Jelsa)

Representant frå tilsette i barnehagane – 4 medlemmer (Sand, Stølane, Vinjar og

Kjølvikstolen)

Ungdomsrepresentant – 2 medlemmer

Medverknadsaktørar:

Fagrørslene og samarbeidsutvala ved barnehagane og skulane vil få medverke ved at dei blir bedt om innspel underveis i prosessen.

Elevråd (skule), tilsette og foreldra sitt arbeidsutval (FAU, skule) blir involvert av sine representantar i forkant av samarbeidsutval.

Høyringsinstansar til endeleg saksframlegg:

- Fagrørsler
- Samarbeidsutval i barnehagar og skular
- Høyringa blir elles open for alle som ønskjer å gi innspel

Kommunikasjon og informasjon:

Kontaktperson i saksarbeidet: Kommunalsjef oppvekst

Det blir etablert eit eige område på Suldal kommune sine heimesider som skildrar prosjektmandat, framdriftsplan og gir underveisinformasjon

Lover, føresegner, rundskriv

- Generalistkommuneprinsippet
- Lov om barnehagar
- Opplæringslova
- Forskrift om miljøretta helsevern
- Arbeidsmiljøloven
- Folkehelseloven
- Plan og bygningsloven

Økonomiske konsekvensar

Det blir i framlegg til budsjett 2025 føreslått å setje av 800 000kr for å realisere prosjektmandatet, dette til kjøp av ekstern fagleg bistand tenester for å sikre relevant informasjonsgrunnlag til eit no-bilete av situasjonen i barnehagane, oppvekstsenteret og skulane på dei definerte områda. Finansieringsbehovet følgjer av dei kostnadene nabokommunar har hatt til likande eksterne tenester.

Folkehelse

Innhaldet i prosjektmandatet kan ha innverknad på folkehelsa til barn.

Barnehagar og skular er sentrale arenaer for utvikling og læring hjå barn. Gjennom leik, strukturerte aktivitetar og samspele med jamnaldrande og vaksne, kan barna bli meir sjølvstendige og lære å ta vare på si eiga helse.

Eit godt tilrettelagt og universelt utforma fysisk miljø, både ute og inne, kan fremje den fysiske helsa til alle barn. Eit trygt, godt og inkluderande miljø bidrar også til den mentale og sosiale helsa til barna. Aktivitetar og læringsarenaer som sikrar at alle barna får oppleve meistring og meining i eit inkluderande miljø, har positiv effekt på den mentale helsa.

Barnehagar og skular med kompetente tilsette vil vere rusta til å arbeide for å ivareta god helse for barn. Dette inkluderer å oppdage barn som ikkje har det bra, anten i barnehagen eller skulen, heime, eller på andre arenaer. Gode barnehagar og skular bidrar til å utjamne sosioøkonomiske forskjellar. I barnehagen og skulen har ein rett på likeverdige tenester, uavhengig av foreldra sin økonomi. Å føle seg som ein del av eit fellesskap har god effekt på folkehelsa.

På den andre sida kan negative opplevingar i barnehage og skule, knytt til manglande inkludering, både fagleg og sosialt, føre til helseproblem for barnet og familien, både no og i framtida.

19.11.2024 Levekårsutvalet

Handsaming:

Kort orientering frå kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil.

RØYSTING:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LEV - 053/24 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt forslag til prosjektmandat for utgreiing i forhold til komande barnehage- og skulebruksplan vert teken til vitande.

28.11.2024 Formannskapet

Handsaming:

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå Levekårsutvalet.

F - 062/24 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt forslag til prosjektmandat for utgreiing i forhold til komande barnehage- og skulebruksplan vert teken til vitande.

18.12.2024 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggsforslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Andre partier: V, SV, SP, KrF, H, AP

Under punktet eksterne aktører side 3 legges følgjande punkt til:.

-Utfordringar knytta til avstand og rasfarlige vegar

-Bruk av ny teknologi og undervisningsformer

Tilleggsforslag frå Senterpartiet, foreslått av Åshild Vetrhus, Senterpartiet

Endring i avsnittet «Referansegruppe»:

Tredje punkt (fjerde linje) blir endra til:

Representant frå tilsette i skulen (oppvekstsenter) – 6 medlemmer, ein representant frå kvar skule/oppvekstsenter

Endra forslag Sp, foreslått av Åshild Vetrhus, Senterpartiet

Representant frå undervisningspersonell i skulen (oppvekstsenter) – 6 medlemmer, ein representant frå kvar skule/oppvekstsenter

Kl.11.09 gruppemøte til kl.11.15.

Åshild Vetrhus fremmar endrr forslag frå SP.

RØYSTING

Fellesforslag fremma av V

FOR: Samrøystes

Endra forslag frå SP

FOR: 12 V, SP, H, KrF

MOT: 7 AP, SV

K - 087/24 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt forslag til prosjektmandat for utgreiing i forhold til komande barnehage- og skulebruksplan vert teken til vitande.

Med følgjande tillegg:

Under punktet eksterne aktører side 3 legges følgjande punkt til:.

-Utfordringar knytta til avstand og rasfarlige vegar

-Bruk av ny teknologi og undervisningsformer

Med følgjande endring:

Representant frå undervisningspersonell i skulen (oppvekstsenter) – 6 medlemmer, ein representant frå kvar skule/oppvekstsenter